



Holsnøy Kystlag
Skjelangervegen 661
5917 ROSSLAND

Dato: 02.06.2014
Vår ref.: 2014/430-55
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

M/S Lenda - Avslag på søknad om tilskot til fartøyvern 2014

Vi viser til Dykkar søknad av 26.11.2013 om tilskot til Fartøyvern 2014.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i Kultur- og ressursutvalet på møte den 13.05.2014, sak 65/14. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For 2014 var det kr 1.680.000 til fordeling og det kom inn 32 søknader med ein samla søknadssum på kr 7.264.513.

Dette medførte at mange gode søknader fekk avslag. At ein søknad er tilskotsverdig, gir dermed ingen inga garanti for at det vert løyvd midlar til tiltaket.

Som følge av statlege krav, må retningslinene for ordninga endrast . Ved neste tildeling vert det stilt krav om at fartøy som får midlar frå denne tilskotsposten, må ha fått tildelt status som verneverdig fartøy frå Riksantikvaren. Skjema finn du på Riksantikvaren sine heimesider. Får å få slik status vert det stil krav om at:

- 1) Fartøyet må oppfylle Riksantikvaren sine vilkår for autentisitet og vere verneverdig
- 2) Fartøyet skal vurderast opp mot kravet for representativitet
- 3) Fartøyet skal ha ei lokal forankring og vere offentleg tilgjengeleg
- 4) Fartøyet skal ha allmenn interesse
- 5) Fartøyet skal ha ein bærekraftig organisasjon rundt seg, (lag, forening etc.)
- 6) Fartøyet skal ha ei realistisk økonomisk muligheit til å bli istandsett

Vedlagt følgjer kopi av fylkesrådmannen si tilråding og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak. Dette kan også finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Bård Sandal
settekultursjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren Postboks 8196 Dep.